



**Direktoratet for mineralforvaltning**  
med Bergmeisteren for Svalbard

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Dato: 21.05.2024  
Vår ref: 23/04481-4  
Deres ref: 202013798-24

## Fråsegn til offentleg ettersyn av detaljplan for miljø og landskap for rehabilitering av Dam Botsvatn i Bykle kommune

### POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50  
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST [post@dirmin.no](mailto:post@dirmin.no)

WEB [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no)

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

### SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 5. april 2024.

DMF er statens fagorgan og sektormyndigheit for mineralressursar og mineralverksemd. DMF skal bidra til økt verdiskaping gjennom å leggje til rette for ein langsiktig ressurstilgang basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og tilverking av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har i tillegg som sektormyndigheit eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter vassdragsreguleringslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å unngå at viktige førekomstar blir gjort utilgjengeleg av arealbruk som hindrar framtidig utnytting.

### Om saka

Dam Botsvatn skal byggast om for å tilfredsstille krava i gjeldande damsikkerheitsforskrift, etter at det blei avdekket avvik i siste revurdering. Det skal etablerast eit uttak av fjellmassar i samband med dambygginga. Det er estimert eit totalt massebehov på 140 000 fm<sup>3</sup>.

### Fråsegn frå DMF

DMF viser til vårt fråsegn til høyringa, datert 06. november 2023. Vi ser at kapittel 4.6 *Steinbrudd* og 5 *Moreneuttak* i detaljplanen gjer greie for estimert massebehov og -uttak for den planlagde plastringa av dammen. Det er tenkt å ta ut blokker frå steinbrotet, kor det er forventa vrakmassar. Vald lokalitet for steinbrotet er mellom anna basert på geologiske undersøkingar, landskapsmessige vurderingar, miljø og plassering med omsyn til massetransport. Det er sett av eit større areal for uttak enn det anteke behovet på grunn av usikker steinkvalitet. Inngrepsgrensa er også teikna ut frå landskapsomsyn ved avslutting. DMF meiner at det er gjort gode nok førebelse vurderingar av geologien, og at det difor kan vere eit godt grep å avsette eit større areal for å nå massar med tilstrekkeleg kvalitet og oppnå eit bergteknisk forsvarleg steinbrot. Overskotsmassar skal nyttast til terrengtilpassing når uttaket blir avslutta. Overskotsmassar bør nyttast til nyttige formål, men på grunn av plasseringa langt frå anna utbyggingsaktivitet ser ikkje DMF nokon grunn til å vere ueinige i bruken av massane.



DMF kan ikkje sjå at minerallova er omtalt i detaljplanen, noko som bør takast inn under detaljplanens kapittel 2 «*forholdet til andre myndigheiter*». DMF minner om at tiltakshavar må sørge for at dei nødvendige løyve før uttak kan bli sett i gang. DMF har ingen andre merknadar til offentleg ettersyn av detaljplanen.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no). Her finn du og vår digitale kartløyvsning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Lars Libach  
fungerande seksjonsleiar

Henning Sigstad  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*  
Sakshandsamar: Henning Sigstad

Mottakarar:

Norges vassdrags- og  
energidirektorat

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Kopi til: